

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	21.10.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/601-10
<b>Dykkar referanse</b>	20/1754 - 22/72987
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Svar - Førespurnad om vurdering - notat kryssløysing med vegteikningar - Stølsmarka - planID 1263201607 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 05.09.22 og brev datert 22.09.22. Det er bede om tilbakemelding om trafikkvurdering og planområde. Det er også bede om at vi ser på notat for ny kryssløysing og prosjektert veganlegg saman med trafikkvurderinga.

### Tilbakemelding

Vi har samla tilbakemeldinga punktvis under.

#### Trafikkvurdering

Trafikkanalysen som vi har fått tilsendt ser grei ut. Den viser behov for kanalisering ved dagens trafikksituasjon, og ved framtidig trafikksituasjon. Det er gjort nye teljingar og desse trafikktala er meir realistiske enn tidlegare rapport/trafikkanalyse.

#### Kryssløysing

I notatet for kryssløysing vert det vist til at krysset vert flytta ca. 30 meter lengre nord for dagens kryss for å få plass. Det vert ikkje spesifisert kva dimensjonerande køyretøy krysset legg opp til, og det vert ikkje vist på teikningane kva svingradius som skal vera i krysset.

Som det er sagt tidlegare, så meiner vi at planen må legge til rette for eit langsgåande gang- og sykkeltilbod for mjuke trafikantar. Dette er teikna inn og vist på vedlagte C-teikningar. Notat for kryssløysinga har med ei skildring på evt. framtidig gang- og sykkelveg langs fylkesveg 565. Men vi har ikkje hatt kapasitet til å kunne vurdere dette ytterlegare per no.

Det er viktig at føresegna til reguleringsplanen får med rekkefølgekrav til opparbeiding av krysset til fylkesveg før det vert gjeve løyve til nye tiltak innanfor krysset.

#### Planavgrensing

Vi kan ikkje ta stilling til sjølve planavgrensinga no. Men det er viktig at plangrensa er stor nok til å ha med krysset og område for kulturminne.

#### Kulturminne

Seksjon for kulturarv har følgjande merknad til innsendte illustrasjonar og utviding av plangrense: Så langt vi kan sjå vil viste kryssløysingar kome i konflikt med automatisk freda kulturminne, Askeladden id. 129932. Er løysinga i konflikt, ber vi om at planområdet blir utvida til å gjelde heile det automatisk freda kulturminne med tilhøyrande sikringssone.

Viste løysing ligg innafor omsynssone H570\_1 og H730 med tilhøyrande føresegner i Alversund områdereuleringsplan del av gnr. 137, bnr. 138. Omsynssonene med tilhøyrande føresegner skal vidareførast for å sikre kulturminna mot inngrep og skjemming, jf. § 3 i kulturminnelova.

Der planen ikkje kan justerast for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Tilråding til dispensasjon føreset at Vestland fylkeskommune kan seie seg samd i

arealbruken i planen. Eventuell dispensasjon frå kulturminnelova vert gitt etter §8,4. ledd. Dette skjer når reguleringsplanen er lagt ut til offentleg ettersyn. Vi gjer merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis blir gjeve på vilkår av nærare arkeologisk gransking. Etter §10 i kulturminnelova skal slike granskingar dekkast av tiltakshavar. Kulturminne i eventuell direkte konflikt med nye tiltak, og som det dermed må søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for, må markerast med føresegsområde i plankartet, med avgrensing utan 5 meter sikringsone.

**Sluttord**

Vi vil kunne komme med meir detaljert tilbakemelding når reguleringsplanen kjem på høyring. Då kan vi sjå på heilskapen i planarbeidet og løysingane de kjem med.

Med helsing

**Kari Elster Moen**

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål